

Sykkylven Kommune

6230 Sykkylven

Høyring om skulestrukturen i Sykkylven

Foreldreutvalet i Velledalen naturbarnehage er folkevalt av styre og foreldre i Velledalen naturbornehage.

Velledalen naturbornehage vart skipa i fjor, til jubel for mange her i grenda, samstundes som kritiske røyster hevda at det ikkje var liv laga for ein bornehage i grenda. Statusen i dag er at det frå hausten av er stort sett ikkje ledige plassar i bornehagen, sett vekk ifrå einskilde dagar. Velledalen naturbornehage har skapa trivsel for borna, meir tryggleik for borna, då transporten av ungane er kortare, fleire nye arbeidsplassar og så mykje meir. Dette vitnar om ei vilje til å skape, tore å prøve noko nytt og ha tru på noko.

Velledalen naturbornehage er med på å skape ein skilnad i lokalsamfunnet vårt, bornehage og skule er viktige institusjonar og det er difor vi vil kjempe for å behalde skulen vår.

Det er mykje snakk om tal og sentralisering, kor mykje ein kan spare på å legge ned ein skule, slik at ein kanskje kan bruke desto meir på ein annan skule osv. Her er det tale om frå kva side ein reknar i rekneskapen og kven som kjempar for kva sak. Mange kan ha ulike meiningar om både læringsmiljø og fagmiljø. Dette er det delte meiningar om uansett fjern eller nær, stor eller liten skule. Heldigvis er det delte meiningar, viss alle var einige i det meste, då ville vi ikkje utvikle oss. Men vi i foreldreutvalet meiner at det vil vere ei utvikling i negativ retning å leggje ned Velledalen skule.

Det er kanskje slik at dei som ikkje er involvert i ei sak som berører borna sine, lett kan sjå berre tal, berre ha syn om å sentralisere, byggje stort og flott, materialistiske verdiar. Kvar vert menneska av i denne rekneskapen, denne visjonen? Menneska vi her talar om er dei små borna, som kanskje i ein alder av 6 år skal ta bussen til Straumgjerde eller til Jarnes? Heilt aleine skal dei gå på bussen, bruke over ein time av sin dag på reising, med på og avstigningar på kvar 500 meter. Det er desse borna her vi snakkar om. Kva verdi har deira kvardag?

Velledalen skule har vore ein god skule for mange i mange år, skulen har lokalitetar som treng rehabiliteringsbehov, men det har igrunn alle skulane i kommuna. Det som skulen derimot har som er unikt, er tilgongen på flotte idrettsanlegg i umiddelbar nærleik, skjermar frå tung trafikk og no med bornehage i same område. Trygge tilhøve for borna våre, ein plass som dei er vande med og kjenner.

Mange kan kanskje sei at foradring fryder og det er i mange tilhøve riktig, som til dømes når borna er blitt så store at dei skal til å byrje på ungdomsskulen, men før den tid er det tryggleik som er viktigast for borna. Det er heller ikkje rettmessig at eit lite born skal reise så langt, bruke så mykje tid på nettopp dette i høve til andre born her i bygda.

Velledalen har visjonar om å auke busetnaden i framtida, dette har grenda starta arbeidet med, men viss skulen vert lagt ned, vert dette arbeidet straks vansklegare. Vi vil vere ei bygd også for framtida og det er velkjend at borna er vår framtid.

Vi i foreldreutvalet og i Velledalen naturbornehage vil behalde skulen vår! Vi vil la borna våre få ha trygge rammer og meiner dette fell vekk viss kommuna no vel å leggje ned skulen vår. I høringsnotatet frå kommuna er det kun alternativet om å behalde skulestrukturen slik som den er pr idag som vi kan stille oss bak. Alle alternativ som omhandlar nedleggjing av Velledalen skule er vi i foreldreutvalet og bornehagen imot.

Velledalen 22.03.10

For foreldreutvalet Velledalen naturbornehage

Torje B. Bjørneseth
utvalets representant

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.